

Nærbutikken Rognaldsvåg  
6915 Rognaldsvåg

Rognaldsvåg 17.04.2024

**Riksantikvaren**

Direktoratet for kulturmiljøforvalting  
Postboks 1483 Vika, 0116 Oslo



**Høyring: Forslag til bevaringsstrategi for kystens kulturmiljø**

Underteikna representerer Rognaldsvåg Landhandel.

*Rognaldsvåg landhandel utøver si verksemeld gjennom Nærbutikken Rognaldsvåg, Rognaldsvåg kai og [Handelsstaden Tjenna](#) (Etablert 1883, og overtatt av familien Sunde i 1893).*

Vi held til i bygda Rognaldsvåg, på øya Reksta i Kinn kommune

Vi har ei kontinuerleg drift lokalt som strekk seg over meir enn 100 år, og har kulturminne og historiske munnleg overlevert kunnskap frå dette virke lokalt.

*Riksantikvarens forslag til Bevaringsstrategi for kystens kulturmiljøer*

Rognaldsvåg Landhandel er særslig glad for at Riksantikvaren no velger å gjennomføre denne høyringa. Arbeidet vårt med å ta vare på vår felles lokale historie treng sårt at dette no får ei ramme og ein overordna kompetanse som blir tilgjengeleg for oss.

Inndelinga Riksantikvaren gjer i tre ulike deltema er eit grep der vi ser at vår tilnærming til emnet er rett, og at framtida vår er knytt opp imot historia vår, kunnskapen og tilknytinga til lokalsamfunnet.

*Deltema 1: Sjøveien, handler om sjøveien, eller leia som den viktigste historiske kommunikasjonsåren langs kysten, og omfatter kulturmiljøer knyttet til uthavner, handelssteder og anløpssteder for rute- og lasteskip.*

Bygda Rognaldsvåg er delt frå øya Kinn av Kinnasundet. Historisk har nok all trafikk på kjøl, nord eller sør langs kysten av Norge gått gjennom dette sundet om det då ikkje heller har gått i opent hav (Nordsjøen). Slik sett kan ein gjerne samanlikne sjøvegen med dagens E39 på land? Ein særslig viktig hovudveg med ein sterk historie i bygginga av nasjonen.

*Deltema 2: Naustet – der vi går i land, handler om bygninger og konstruksjoner som ble bygget i nærheten av gårdsbruk og annen bebyggelse for å huse robåter og utstyr for fiske.*

Mykje av den historiske bygningsmassen er gått tapt berre dei siste 30 åra. Krav til å behalde utrangert bruksfunksjonar, og manglande vilje til å akseptere nye aktivitetar i gamle sjøhus gjer at eigarane ofte ikkje ser seg tjent med å vedlikehalde naust eller sjøbuer. Resultatet blir ofte bygningar til nedfalls grunna manglande vedlikehald.

*Deltema 3: Ferie og friluftsliv langs kysten, handler om bruken av kysten til ferie og fritid*

Mange lokalsamfunn langs kysten, inkludert Rognaldsvåg, ser dette som ein av få farbare veger for å kunne opprettholde aktivitet av økonomisk grunnlag for ei framtid på kysten. Ved kjennskap til eiga historie, nytte eksisterande bygningar i nye funksjonar, og ved å bygge nytt i ein heilskap som styrker kultur og miljø i eige lokalsamfunn, kan sluttproduktet ha ein verdi som gjev grunnlag for framtidige arbeidsplassar. Det er eit ynskje om at Riksantikvaren si høyring er eit steg på vegen til å få på plass eit organisasjonsmessigt apparat som enkeltpersonar kan spele på lag med med omsyn på fageleg medverknad og finansiering.

I Riksantikvaren sitt forslag til bevaringsstrategi står det mellom anna:

*Landets kyst har en rik historie og et stort mangfold av kulturmiljøer. Kulturmiljøene langs kysten er mange og svært viktige for å fortelle landets historie. Endringer i demograf, næringsliv og klima gjør imidlertid bevaring utfordrende. Et strategisk samarbeid mellom aktører på kysten vil løfte arbeidet med viktige kulturmiljøer, der bevaring, bruk og utvikling sees i sammenheng. Bevaringsstrategien for kystens kulturmiljøer skal bidra til å finne gode, langsigte løsninger for bevaring og bærekraftig bruk og forvaltning. Ofte vil det være nødvendig å se fysisk og immateriell kulturarv i sammenheng. Dette er særlig aktuelt for håndverkskunnskap som forutsetning for ivaretakelse av de ulike kulturmiljøene.*

Underteikna er heilt samd i dette som ein skriv, og ynskjer å spele på lag med forvaltninga for å kunne nå denne målsetninga. Det er heilt avgjerande for eigen del om ein skal kunne sjå ei framtid for eiga verksemder som til no strekk seg over 4 generasjonar.

Det er og med glede vi registrerer at naudsynt handverkskunnskap er formidla t.d. gjennom [Flora vidaregåande skule](#) sitt samarbeide med lokale byggfirma mellom anna i oppføring av grindbygg. Grindbygg er som kjent ein byggjeteknikk som går att i gamle sjøhus og naust på Vestlandet.

Annette Langedal Holme, museumsleiar ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane, og Jan Heggheim, administrerande direktør ved Musea i Sogn og Fjordane skriv i eit lesarbrev i lokalavisa Firdaposten 15.04.2024 (lesarbrevet følger som vedlegg i .pdf format).

Etter å ha lese deira innlegg stiller underteikna seg bak mykje av innspela dei tek opp, det samsvarer i svært stor grad med synet vi ynskjer å få formidla.

Mellom anna skriv dei at «*Musea er viktige forvaltarar, men er ikkje nemnde som interesserantar i strategien.*»

Grunna manglande kapasitet og/eller økonomi hos mellom anna Kystmuseet i Sogn og Fjordane, har det vært særskilt vanskeleg å få til eit samarbeide der vi kan få hjelp til fagleg rådgjeving ved renovering av eigedommar vi sjølve forvaltar slik som før nemnte Handelstaden Tjenna. Dagleg ser vi i lokalsamfunnet vårt at fleire sikkert burde hatt tilgang til slik rådgjeving anten det er snakk om renovering eller nybygg.

I Kinn kommune er det pr dato fem Nærbutikkar, alle lokalisert i små lokalsamfunn, og som på ulikt vis er berørt av tilhøva Riksantikvaren held fram i sitt forslag til bevaringsstrategi. Kanskje finn ein at ein kan nytte lokal kompetanse ein finn kring desse i dette arbeidet i framtida? Resultat ein ynskjer oppnå «*kystens kulturmiljøer skal medvirke til at et større mangfold av kulturmiljøene langs kysten blir tatt vare på, tatt i bruk og sett på som en ressurs i samfunnsutviklingen*» er avgjerande og innan kjerneverdiane for ein lokal samfunnsaktør som Nærbutikken er.

Nærbutikkane i Norge finn ein i minst [580 lokalsamfunn/bygder](#) i heile landet. Mange av desse er lokalisert i områder ein naturleg omtaler som områder med kystkultur. Nærbutikkane i Norge sine «gode hjelparar» er t.d. Kommunal- og distriktsdepartementet. Under departementet finn ein [Distriktsenteret](#) «*Distriktsenteret er eit nasjonalt kompetansesenter som jobbar for å styrke kommunar og regionar si evne til å utvikle attraktive og vekstkraftige lokalsamfunn.*» som og er oppdragsgjevar for [Merkur-programmet](#).

Lagspel er vegne videre her. Lagspel og økonomi. Forvaltning av fysiske einingar som saker og ting frå svunnen tid krev kompetanse og økonomi dersom dette ikkje skal gå tapt for allmenta. Tilgang til kompetansen dei lokale musea har, og tilskot ein kan søke for å ivareta kystkultur i breitt omfang, vil være avgjerande for kor vidt denne høyringa skal ende opp med eit lykkeleg resultat for alle oss som ser kystkultur som ein særskilt aktuell og viktig del av nasjonen si historie og framtid. Og vi (allmenta) ynskjer tilgang til dette.

Vi er mange som vil bidra der vi får lov.  
Lykke til med arbeidet.

Med vennleg helsing  
Hans-Jacob Sunde, (Daglig leiar, NB Rognaldsvåg).

Vedlegg:

- 1.) 2008.05.09 Grete Marøy Sellevoll. Handelstaden Tjenna 08020647
- 2.) 1962.07.17 Foto, Handelstaden Tjenna
- 3.) 2021.09.11 Foto, Handelstaden Tjenna
- 4.) 2020.11. 04 Synfaringsrapport Tresfjording, Bjørn Fjellheim.
- 5.) IMG\_1279 Foto Tresfjording
- 6.) 2024.04.15 Firdaposten, ytring kystkultur \_ mangelfullt fra riksantikvaren om kystkultur.